

---

Saknr: 2020/43675-3  
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Arbeidsutval delegeringsreglement		12.05.2020

## Revidering av reglement for folkevalde organ og delegering

Forslag til vedtak

1. Arbeidsutvalet tek saka til drøfting og orientering.

## Samandrag

Fylkesrådmannen har gjennomgått dei innspela arbeidsutvalet hadde i møte 29. april og legg her fram sine vurderingar knytt til dei.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Arbeidsutvalet for revidering av delegeringsreglement hadde sitt første møte 29. april. I møte kom medlemene med innspel til endringar og ønske om nærare utgreiingar.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek endeleg reglement for folkevalde organ og delegering, jf. kommunelova §§ 5-13 og 5-14. Fram mot det gjer arbeidsutvalet prosessvedtak.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Vurderingar av innspel frå arbeidsutvalet sitt møte 29. april

### Oversendingsforslag

Arbeidsutvalet tok i møte 29. april opp spørsmålet om ein skulle regulere *oversendingsforslag* i reglement.

Oversendingsforslag var ikkje regulert i Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan det vart regulert slik i Hordaland fylkeskommune:

#### «Oversendingsforslag

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønskje om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det vert røysta over om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt.

Mottakar av forslaget avgjer korleis det skal følgjast opp.

Oversendingsforslag til politiske organ (t.d. frå fylkestinget til utval for miljø og samferdsel): Fylkesrådmannen lagar melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.

Oversendingsforslag til fylkesrådmannen: Fylkesrådmannen vurderer forslaget og gir tilbagemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.»

Fylkesrådmannen opplevde i Hordaland store utfordringar knytt til å følgje opp mengda oversendingsforslag. Ordninga vart fjerna i reglement for saksbehandling i nye Vestland, etter mellom anna grundig prosess og debatt i fellesnemnda AU. Fylkesrådmannen er kjend med at *oversendingsforslag* framleis vert nytta av andre, til dømes har Askøy kommune regulert det slik:

#### «Oversendelsesforslag

Oversendelsesforslag er forslag som legges fram under behandling av en sak. Forslaget blir ikke realitetsbehandlet, men det voteres over om det skal oversendes rådmannen for en kortfattet tilbakemelding som grunnlag for de folkevalgte til å vurdere videre oppfølging, eller direkte til et annet folkevalgt organ.»

Fylkesrådmannen gjer merksam på at Askøy si regulering er knytt til behandlinga av ei konkret sak. Etter Fylkesrådmannen si vurdering er det ikkje trong for eit skilje mellom oversendingsforslag og andre forslag. Eit forslag om å be fylkesrådmannen vurdere særskilde tilhøve eller kome tilbake med ei utgreiing knytt til ei konkret sak, kan stå som eit eige vedtakspunkt/innstillingspunkt.

Verken kommunelova eller reglement for folkevalde organ og delegering i Vestland legg til rette for at **folkevalde organ** kan sende forslag eller setje ei sak på saklista i **andre folkevalde organ**. Etter fylkesrådmannen si vurdering har dette gode grunner føre seg. Vestland sitt reglement for

folkevalde organ og delegering byggjer på ei mynndeling mellom dei ulike organa. Dersom ein opnar for at folkevalde organ kan setje dagsorden i andre folkevalde organ, vil mynndelingsordninga verte uklare, og ein risikerer saker som verserer att og fram mellom ulike organ.

Fylkesrådmannen vil likevel peike på ei moglegheit. I fleire av dei folkevalde organa er fråsegn regulert slik: «*Dersom utvalet sjølv ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema innan sitt saksfelt, kan utvalet vedta ei fråsegn om dette.*»

I utgangspunktet var fråsegn meint å fjerne om uttaler organet på eige initiativ ønskte å sende til eksterne aktørar. Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet drøfte om fråsegn òg kan vere eit verktøy dei folkevalde organa kan nytte seg i mellom. Fylkesrådmannen vil i så fall foreslå at fråsegna kjem som ei referatsak til mottakarorgan(a), og at det er opp til mottakarorgan(a) å ta stilling til eventuell vidare behandling.

#### Delkonklusjon

Fylkesrådmannen rår til at oversendingsforslag ikkje vert regulert i reglement for folkevalde organ og delegering.

Fylkesrådmannen ber arbeidsutvalet drøfte utvida bruk av fråsegn til òg å gjelde uttalar til andre folkevalde organ.

#### Eksisterande verktøy i kommunelova

I samband med drøfting av oversendingsforslag, vil fylkesrådmannen gjere arbeidsutvalet merksam på eit verktøy ein allereie finn i kommunelova. Kommunelova § 11-3 regulerer innkalling og sakliste:

«Lederen av et folkevalgt organ setter opp sakliste for hvert enkelt møte. Innkalling til møtet skal sendes til organets medlemmer med rimelig varsel. Innkallingen skal inneholde en liste over de sakene som skal behandles, og dokumentene i sakene. **En sak skal settes på saklisten hvis minst 1/3 av organets medlemmer krever det.**»

Av førearbeida (Prop. 46 L (2017-2018) følgjer:

«I bestemmelsen om sakslister foreslår departementet å synliggjøre at regelen i § 11-2 annet ledd bokstav c om at minst 1/3 av organets medlemmer kan kreve å avholde et møte, også gir en rett til å få en sak på saklisten til neste møte. Når det samme mindretallet har en rett til å kreve at organet skal avholde et møte, er det nettopp for å diskutere en konkret sak. ...»

Kjem kravet i eit møte, kan saka først kome på saklista i neste møte. Kjem kravet **mellom** to møte, må kravet ha kome før utsending av innkalling. For at administrasjonen skal kunne førebu ei sak på forsvarleg måte, må den sjølv sagt ha naudsynt tid. Sett på spissen: Kjem eit krav om sak på saklista 8 dagar før møte og innkalling går 7 dagar før møte, vil saka kome på saklista utan saksframlegg.

(For ordens skuld set kommunelova opp ei anna førehavingsmåte for sak som vert sett på saklista i det pågåande møte og kor det vert fatta realitetsvedtak:

«Et folkevalgt organ kan fatte vedtak i en sak som ikke er oppført på saklisten, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det. På tilsvarende måte kan organet fatte vedtak i en sak der saksdokumentene ikke er sendt ut sammen med innkallingen, hvis ikke møtelederen eller 1/3 av de møtende medlemmene motsetter seg det.»)

#### Merknader

I arbeidsutvalet sitt møte 29. april vart løfta mogleg bruk av «merknader» (som noko anna enn «protokollmerknad»). Fylkesrådmannen har gjort nokre få søk hjå andre fylkeskommunar, utan å ha funne slik regulering.

Fylkesrådmannen har vanskeleg for å sjå føre seg ei innramming av ein slik rett til å kome med merknader, anna enn at ein kvar merknad vil bli protokollert. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil dette vere lite hensiktsmessig, då det vil kunne ta av møtetida.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at alle medlemene i eit folkevald organ står fri til å fremje forslag knytt til den enkelte sak. Forslag vil verte protokollert.

I samband med vurdering av «merknader», har fylkesrådmannen sett på saksbehandlingsreglementet punkt 8 om møtebok. Av reglementet går fram at møteboka skal innehalde «protokolltilføringer frå medlemer når vedkomande krev det.»

For å unngå tvil kring kva retten til protokolltilføringer er meint å omfatte, vil fylkesrådmannen foreslå at det av reglementet går fram at retten gjeld *røysteforklaringar og/eller kritikk av saksbehandlinga*. Dette i tråd med førearbeida (Ot. prp. nr. 42 (1991-1992 punkt 6.5.4) til gamal kommunelov.

#### Delkonklusjon

Fylkesrådmannen rår til at det ikkje vert regulert rett til å få protokollert merknader.

Fylkesrådmannen rår til at regulering av protokolltilføringer vert justert i tråd med framlegg over.

### **Gjennomføring av møte i fylkesting**

#### **Skriftlege spørsmål/interpellasjonar**

I arbeidsutvalet sitt møte 29. april vart spelt inn at skriftlege spørsmål og interpellasjonar burde vere likestilt når det kom til behandlingsrekkefølge. I møte vart foreslått at rekkefølge burde vere bestemt ut i frå når spørsmål/interpellasjon vart sendt. Fylkesrådmannen oppfatta òg at arbeidsutvalet ønskte behandlinga av skriftlege spørsmål og interpellasjonar flytt mot slutten av møte. Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av innspela i arbeidsutvalet foreslå følgjande endringar i regulering av skriftlege spørsmål/interpellasjonar i reglement for fylkestinget:

«Innkome interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert refererte ved opninga av fylkestinget. Desse skal behandlast ved slutten av tingsete, før fråsegn, starten av tingsete andre dag, med mindre tingsete berre går over ein dag. Dette skal gå fram av programmet.

Interpellasjonar og andre skriftlege spørsmål vert behandla i den rekkefølgja dei kjem inn., likevel slik at interpellasjonane vert behandla samla før andre spørsmål. Spørjaren må i oversendinga gjere det klart om det er ein interpellasjon eller eit spørsmål.»

#### **Fråsegn**

I arbeidsutvalet sitt møte 29. april vart spelt inn at framlegg om fråsegn vert varsla ved godkjenning av saklista. Fylkesrådmannen vil på bakgrunn av innspela i arbeidsutvalet foreslå følgjande endringar i regulering av fråsegn i reglement for fylkestinget:

«Dersom fylkestinget ynskjer å uttale seg om aktuelle saker og tema, kan fylkestinget vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla ved godkjenning av saklista. Møteleiar eller 1/3 av medlemene i organet kan då sete seg i mot at saka vert sett på saklista, jf. kommunelova § 11-3 (5), i samband med ordskiftet etter talane. Dersom fråsegn vert sett på saklista, vert dei behandla til sist i tingsete.»

#### Delkonklusjon

Fylkesrådmannen rår til at regulering av skriftlege spørsmål/interpellasjonar og fråsegn vert justert i tråd med framlegg over.

### **Mindretalsanke**

Arbeidsutvalet drøfta i møte 29. april mogleg regulering av *mindretalsanke*. Kommunelova har inga slik regulering, og Hordaland fylkeskommune hadde heller ikkje det. Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde regulert mindretalsanke slik i saksbehandlingsreglementet:

«Minst 1/4 av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegner, kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.

Krav om anke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til ankeinstansen saman med saksframstillinga.

Utvalet sitt vedtak kan ikkje iverksetjast før anken er avgjort.»

Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for å opne opp for ein slik ankerett i Vestland. Etter fylkesrådmannen si vurdering er kommunelova sine føresegner om lovlegkontroll velfunderte og ivaretek omsynet til kontroll. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil ei ordning med mindretalsanke skape uforutsigbarhet og forseinkingar med iverksetjing av vedtak.

#### Delkonklusjon

Fylkesrådmannen rår til at mindretalsanke ikkje vert regulert.

#### **Orienteringar i folkevalde organ - Politikardag**

Fylkesrådmannen merka seg arbeidsutvalet sine innspel knytt til omfattande tidsbruk for orienteringar/presentasjonar (både interne og eksterne) i hovudutvala.

Reglement for folkevalde organ og delegering har ikkje noko regulering knytt til tidsbruk for orienteringar. Fylkesrådmannen si vurdering er at dette må styrast av møteleiar og organet sjølv.

Innramminga av såkalla *Politikardag* har enno ikkje fått si endelege form. Ein del av dei orienteringane som vert gjeve i hovudutvala, vil naturleg høyre heime på ein politikardag. Det finst lovregulering og forvaltningspraksis på kva som er å sjå som eit møte i eit folkevald organ. Ein del orienteringar vil ikkje vere knytt til noko sak, og kan innrettast utanom tradisjonelle møte i folkevalde organ. Når innramminga av politikardag er endeleg, vil fylkesrådmannen kome tilbake med ei nærare regulering av desse samlingane.

#### **Saksordførarordninga**

I retningsliner for saksordførarordninga punkt 3 følgjer at saksordførar blir oppnemnd av fylkestinget. Fylkesrådmannen merka seg arbeidsutvalet sitt ønske om at hovudutvala sjølv skal kunne nemne opp saksordførar.

Etter fylkesrådmannen si vurdering bør oppnemninga av saksordførar framleis liggje hjå fylkestinget. Dette sikrar forutsigbarhet knytt til bruken av saksordførar, både med omsyn til kva type saker ein nyttar saksordførar og ein rettferdig fordeling av rolla som saksordførar.

#### Delkonklusjon

Fylkesrådmannen rår til at regulering knytt til oppnemning av saksordførar ikkje endrast.

#### Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at arbeidsutvalet sluttar seg til delkonklusjonane som går fram av saksframlegget.